



## **S Ø V E L L A**

**BORNA PÅ GARDEN I GAMLE DAGAR**

**SVERRE THUNE**

På biletet på framsida:

*Eivind Thune, Sverre Thune, Rolf Johansen, Rolf Thune, Olav Olsen.*

*Fremst: Arnbjörg Thune og Thomas Kvale.*

## Innhald

### Føreord

#### Våren – side 3

Snøen brånar – I hagen – Bær – Vårønn - Plukke stein – Seta eplo – Så turnips – Skigarden - Klyppe sauene – Lembing – Jaga sauene til fjells – Sleppe ut kyrne.

#### Sumaren – side 8

Sol og sumar – Arbeidsdagen - Hyppe eplo – Tynne turnips – Slåtten – Ljåslått – Kå eller hesja? – Høye – Slåttegraut – Vedhogst – Vegarbeid.

#### Innearbeid – side 13

Vaske klæo – Baking – Laurdagsvasken – Vaske rundt – Matstell - Klæo – Husko -Tøve sokkar

#### Leik om sumaren - side 16

Slå på ringen – Slå ball – Kaste haland - Siste par ut – Tre mann høy – Jeppe pinne – Slå jordklot – Kaste på kilan – Kaste i bane – Kaste på stikka

#### På stølen – side 19

Buføre – Stelle på støle – Yste – Kinne – Fiske i Smådøla – Plukke bær - Gå på tur – Kveldingsfiske – Køyre med hest – Haugafolk.

#### Hausten - side 23

Skogen gulnar – Gå på skulen – Eplegravst – Ta opp turnips – Skurønn

#### Vinter – side 26

Fjøsstellen – Sleppe ut sauene om veten – Bera vatn – Vedfyring – Parafinlampe  
Treskje – Køyre ved – Seta opp rupesnøro

#### Leik og moro om vinteren – side 29

Aka på spark – Aka på skone – Hoppe på ski – Gå langrenn - Gå på skeiser - Sundagsskule

#### Jol – side 31

Arbeid føre joL - Jolehelg

#### Attersyn - side 36

#### Ord og uttrykk - side 33

### **Føreord**

I denne boka fortel eg om korleis borna hadde det på ein gard i Vang i Valdres i gamle dagar. I kvardag og i helg. Om arbeidet me dreiv på med, og om leik og moro. Det skjer små og store forandringar i dagleglivet. Det du gjorde i går, vert kan hende gjort annleis i dag? Dette er små forandringar som me mest ikkje legg merke til. Annleis er det når me samanliknar tilhøva for borna i min barndom, for 70 - 80 år sidan - på 1930-1940 talet - med tilhøva slik dei er i dag.



*(Rolf, Eivind og Sverre Thune på Smådalen 1936. Rankonøse i bakgrunnen.)*

Då ser ein at det har vorte store forandringar. Det ville vera leitt om dette skulle gå i gløymeboka. Du tenkjer kan hende at alt er betre no enn det var før. Me syntest at me hadde det bra før og - men på ein annan måte enn slik det er i dag på gardane. Det kan du skjønne på sjølv når du les om korleis det var å vera born på garden i gamle dagar. I boka er det bruka dialekt av og til. Ordforklaring finn du bak i boka.

### **Våren**

#### *Snøen brånar*

Når snøen bråna, sprengde Søvella seg gjennom isen og byrja å sjoe så det høyrdest ned til gardstunet vårt. No kom våren! Då vart det så mykje ljosa og finare syntes me. Skogen tok til å verta grøne. Det kom gåsungar på seljene. Me tredde ei flaske inn på ein bjørkekvist og det rann bjørkesaft ned i flaska. Far laga seljefløyter til oss. Det kom fin ljod frå den når me bles i ho. Etter at snøen var borte dukka det opp litt av kvart ute på gardsplassen. For-restar etter alle turane me hadde gjort om vinteren frå låven til fjøset med vøndilar til kyrne. Trøs som låg att etter vedhogsten om vinteren. Me raka gardsplassen og køyrde bosset bort på ei trillebåre og la det i ein komposthaug nedanfor fjøset. Til slutt fann far seg ei lita bjørk med mykje kvist på og sopa gardsplassen med den. Då vart gardsplassen fin. Der leika me og hadde mykje moro heile sumaren.



(Arnbjørg og Gerd på køyretur på tunet.)

### *Ute i haga*

Bak huset vårt hadde me hage. Rundt hagen sto det mange høge og fine tre. Det var rogn, bjørk og osp. Far planta ei bjørk i 1905 som hadde vorte veldig stor. Me laga blomebed i hagen der me sådde frø frå fargerike frøposar. Ein vår planta far eit "snøballtre" ute i hagen! Me venta spent på at "snøballane" skulle bløme på treet ut på sumaren! Etterkvart voks det opp blomar i blomebedda. Far var glad i blomar og tok med seg blomar på stølen om sumaren. Eit år fekk me eit kvitt firemannstelt som far sette opp til oss ute i haga. Der var kjekt å kunne ligge inne i teltet og lesa teikneseriar og spanande bøker. Og det vart varmt og godt i teltet når sola skein på det. Regna det var det turt og fint å vera inne i teltet. På ei grein i ei store bjørk ute i haga hengde far opp ei huske til oss. Der hadde me det moro med å huske att og fram og svinge oss høgt opp i lufta. Me kunne og hoppe opp og fata tak i ei bjørkegrein og "vrængje kælv" som me sa! Då lyfte me føtene over hovudet og smette dei mellom armane og ned bak ryggen. Me kunne sleppe oss ned på føtene, eller lyfte føtene attende same vegen. Dette var fin turning.!

### *Bær*

Ein vårkveld var eg med far og planta jordbær på eit lite stykkje ute i hagen. Det var kaldt og sur vind då me dreiv på med det, og om natta fekk eg øyrebetendelse. Det var vondt! Mor smelta margarin og hadde inn i øyra mitt. Ho trudde at det ville hjelpe! Eg veit ikkje om det hjalp, men eg vart no bra att. Attmed muren mot sygarden hadde me ripsbusker. Mellom ripsbuskene voks det brennenøter. Det svei på hendene når me plukka rips og kom bort i brennenøtene. Og det kunne vera kaldt å plukke rips om hausten. Mor sylta og safta og laga ripsgele. Det syntest me var godt å ha på kakeskiva!

### *Våronn*

Om veten køyrde me møk frå møkakjellaren under fjøset og ut på åkeren. Møka vart lagt i store haugar. Om våren spreidde me møka ut over åkeren. Då køyrde me med hest og kjerre ut på åkeren og lesste møka opp i kjerra med ei greip. Kjerrelassa kyrde me ut over åkeren, opna bakfjøla og tippa møka ut or kjerra. Etter at møka var køyrd ut, breidde me møka utover åkeren med ei greip. Når det var gjort, spente far to hestar framfor ploegen og pløgde opp stykket. Deretter harva han det med to hestar som drog ei fjørharv over pløgja. Far sådde bygg i åkeren med ei såmaskin som Blakken drog. Til slutt køyrde han ein åkerrull over stykket, for å få åkeren slett og fin.

Byggåkeren var sådd for å få grønfor til kyrne eller korn som vart male til byggmjøl. For å få gras på jordstykket neste år måtte me så det til med grasfrø. Til det bruka far ei lita såmaskin, som han bar med seg i eit band rundt halsen. Han fylte grasfrø opp i ein lerretspose på maskina, og opna for ei vifte. Grasfrøa datt ned på vifta, som vart sveivd rundt. Slik vart grasfrøa spreidde til begge sider når far gjekk att og fram over åkeren. Ein av oss borna gjekk attmed og drog ein staur på åkeren der grasfrøa datt ned. Slik gjekk me fram og attende til heile stykket var sådd til med grasfrø. På grasvollane sådde me kunstgjødsel, som me køyrde ut på jordet med hjulslede. Me fylte eit spann med kunstgjødsel frå gjødselsekkene. Spannet hengde me i ei lerreim rundt halsen. Me gjekk att og fram på jordet og spreidde kunstgjødsel med begge hendene. Seinare fann me på at me kunne så kunstgjødsel frå ei kjerre. Ein av oss sat fremst og styrde hesten, som drog kjerra. Og ein sat på kne bak og spreidde kunstgjødsel frå gjødselsekka med hendene. Dei tome kunstgjødselsekkene var fine å ha som underlag i teltet.



*(Skoklefall)*

### *Plukke stein*

Når det vart sådd grasfrø i byggåkeren vart det ein tesådnad. Og når våren kom voks det små, grønne, gras-spirer opp i tesådnaden. Mellom grasspirene låg det stein som hadde vorte klemde ned i jorda av åkerrullen. No må de plukke stein! - sa far. Huff – steinplukking kvitte me oss for. Plukke stein i timevis på eit stort jorde. Puuh! Men steinane måtte bort for at slåmaskinkniven ikkje skulle verta skjemd av dei. Me fann oss kvart vårt spann og ein liten trepinne, som me kvesste i den eine enden. Med pinnen vippa me steinane opp - nokre var lette å få opp, andre sat hardt nede i jorda. Steinane hivde me opp i spannet, som me bar med oss. Når spannet var fullt, tømde me det opp i ei kjerre som sto ute på jordet. Kjerra køyrde me med hest bort til ei røys, og tippa steinane ned i røysa. Røysa viste oss at det hadde vore plukka mykje stein på garden vår før og! Me vart glade når mor ropa oss inn til bisk, så me kunne få rette ryggen. I kvilun leika me ute på gardsplassen eller inne på låva. Veggene i låven var av tømmer, og me klatra opp etter tømmerveggene inne i låven. Det var gliper mellom stokkane så me kunne feste føtene i dei, og sjå ut gjennom dei. Skein sola, tok me av oss skjorta ute på jordet, og vart solbrende når me plukka stein. Me hadde ikkje solkrem, og det kunne vera vondt å leggja seg om kvelden. Me var glade for å vera ferdige med steinplukkinga!

### *Seta eplo*

Frå kjellaren under våningshuset vart bar me opp 150 sinkespann med jordeple. Me låg på knea i den myrke kjellaren og sopte eplo inn i spanna med hendene. Eplespanna bar me opp den bratte kjellartroppa, gjennom kjøkenet og ned i fjøset. Der tømde me dei opp i kasser som me hadde sett inn i ein kalvebinge. Etter at eplo hadde stått i fjøsvarmen ei stund, voks det fram små, kvite, groar på dei. Dei største jordepla delte me i to med ein kniv. Me måtte passe på at det var groar på både delane, elles ville me ikkje få nye eple. Etter at eplo hadde fått groar og det hadde vorte varmt i veret sette me eplo. Kassene med såeplo bar me ut or fjøset og sette dei på ein hjulslede. Hjulsleden køyrde me med hest ut på åkeren, der me skulle seta eplo. Far hadde køyrt opp fører i eplelendet med ei hestehakke. Eplone bar me med oss i eit spann og sette eit og eit ned i føre, med jamne mellomrom. Etter at alle eplo var sette køyrde far ein slådd over eplelendet og dekkja dei med jord. No var det berre å vente på sol og varme for at epleplantene skulle spire og dukke opp av jorda.



(Loftet frå 1702 og våningshuset frå 1845 på Tune)

### *Så turnips*

Far køyrde og opp fører i ein åker med hestehakka til turnips. Øvst på kvar før trilla me ei såmaskine med turnipsfrø. Såmaskin var eit langt røyr med to runde "tallerknar" i enden. Turnipsfrøa fylte me inn i det lange røyret. Når me trilla såmaskina oppå førene, rann frøa ned i jorda mellom "tallerknane". Etter ei tid spira frøa, og små turnipsplanter voks opp på føre.

### *Skigarden*

Me hadde skigard rundt innmarka for at krøtera ikkje skulle koma inn på åker og eng. Skigarden sette me opp av kløyvde, tynne granbusker og granstaurar. To og to staurar vart sette opp jamsides, om lag ei alen (60 cm) mellom para. Skiene vart lagde på skrå mellom staurane. Mellom skiene hadde me sveg. Sveget vreid me om lag som eit "8-tal" rundt staurane over kvar skie. Til sveg bruka me granne seljer eller vier som me fann oppe i skogen. Vart skigarden øydelagd av snøen, eller noko anna, måtte me vøle han om våren. Me retta opp staurane, bytte ut skadde skier og sette inn nye sveg. Det var skigard rundt stølsjorda og som måtte haldast vedlike. Det var mange skigardar å halda i stand på garden vår i gamle dagar. Skigard var eit godt gjerde, som me bruka før me fekk gjerde av ståltråd.



(Skigard og hestevanding i Tunegardane)

### *Klyppe sauene*

Om våren klypte mor sauene med ei sauesøks. Me leidde ein og ein sau inn i stova der mor sto og klypte dei! Etter at sauene var klypte, sprang dei ut på tunet og brækte: Sjø kor fin eg vart! Det var nok godt for sauene å få av seg ulla om våren.

### *Lembing*

Om våren fekk søyene lamb, som oftast to lømb kvar. Lambet fekk mjølk frå mor si. Det hende at mora ikkje ville stå i ro slik at lambet fekk sugge frå spenane hennar. Då måtte me gje lambet mjølk frå ei flaske med ein tåtesmukk på. Me heldt lambet i fanget medan det saug mjølk frå flaska. Desse lømbe vart kalla *køppelamb*.

### *Jaga sauene til fjells*

Når det leid ut på våren, sleppte me ut sauene og lømbe. Lømbe måtte merkjast for at me skulle sjå kven som var våre. Dei vart merkte i øyro med eit merkejarn. Merket vårt var svølomark og to bjøra bak i det høgre øyra og ein bjøre bak i det venstre. Svølomark var ei klyft ned i spissen på øyra. Bjøre var eit hakk bak i øyra. Eit anna merke var "løt". Då vart spissen på øyra klypt tvers av. Det bruka ikkje me. Det vart fælt til bræking når dei små lamba vart merkte. Dette syntest dei ikkje noko om! Etter at snøen var borte, og det var blitt grønt i skogen, fylgde me sauene til fjells. Dei fekk gå på sjølvstyr i fjellet heile sumaren, i lag med andre sauer. Når hausten kom, var det sams sauesanking. Dei som hadde sauer på beite, gjekk i lag for å finne att sauene sine. Det var ikkje støtt at me fann att alle sauene som me hadde sleppt ut om våren. Rovdyr kunne ha teke eitt og anna lambet. Kan hende vaksne sauer og vart borte. Det hende og at ein sau vart gåande att ute etter at det var kome snø. Då var det nok godt å ha ull på kroppen!

### *Sleppe ut kyrne*

Kyrne sto på båsane sine i fjøset heile vinteren. Der fekk dei mat og drikke, og der vart dei mjølka. Og dei låg i båsen om natta og sov. Det var eitt vindaug i kvar ende i det gamle, tømra fjøset vårt. Det var nok ikkje mykje stas å vera kyra i gamle dagar! Dei har det betre no når dei kan gå fritt rundt i fjøset og ta seg ein tur ut om dei vil. Kyrne hadde namn, som t.d. Dagros, Venaste, Fredelin, Fagerlin, Roselin, Litago, Gulsi, Drople -- . Når våren kom, vart kyrne sleppt ut. Då henta me kyrbjølla ned frå loftet og hengde ho rundt halsen på bjøllekyre - *Fredelin*. Straks kyrne høyrde ljoden av bjølla, skjønna dei at dei skulle få koma ut or fjøset. Dei sto og trøka uroleg i båsane sine og venta på å verta løyste frå kyrbandet. Ein skulle tru at dei var lette å få til å gå ut, men dei kvidde seg nok

for det fyrste gongen. Dei vart ståande i fjøsdøra ei stund og sjå engstelege ut. Det var uvant for dei, og rart å sjå ut i det sterke ljuset. Men når dei fyrst var komne ut, sprang dei rundt på gardsplassen med rova rett til vers. Dei kasta på hovudet og spende bakføtene høgt i veret. Så glade var dei! Me borna måtte passe på at dei ikkje stanga kvarandre, og at dei ikkje for langt avgarde. For å halde styr på dei hadde me ein påk i handa som me "daska" til dei med! Etter at dei hadde sprunge frå seg jaga me dei opp i gøta og vidare opp i Knutskvene. Knutskvene låg ovanfor utgjerdet vårt, og var møteplass for kyrne våre og grannekyrne. Kyrne fekk gå som dei ville oppover i skogen for å beite. Me trong ikkje gjete dei. Kalvane måtte halde seg innanfor gjerdet, i Rødningen, for at dei ikkje skulle tulle seg bort! Om kvelden kom kyrne ned att i Knutskvene for å verta mjølka. Då henta me dei og jaga dei ned gøta og inn i fjøset og mjølka dei. Kyrne sto på båsane sine inne i fjøset til neste morgon. Då vart dei sleppte ut att. Slik heldt me på kvar dag til me flytte på stølen på Vassenden ved Helin i juni.

### *Vegarbeid*

For å halde stølsvegane vedlike måtte me vera med på vegarbeid om våren. Då kørde me oppover med hest og kjerre, og hadde med oss spade, hakke, spett og rive. Vegagrøftene vart reinska og stikkrennene under vegen vart sette i stand. Attmed vegen fann me grus som me lesste opp i kjerra med spade. Grusen kørde me dit det trongst og tippa han ned på vegen. Ein sto der og raka grusen utover og tok vekk dei største steinane. I Smådalsegge (Vegen frå Grøvtølen oppover Smådalsfjellet til Njukestølen og Nørre Smådalen) hadde kvar gard arbeidd opp eitt stykke, som dei heldt istand.

## **Sumaren**

### *Sol og sumar*

Det voks mange fine blomar ute på jordet og i vegkantane: Prestekragar, blåklokker, raudkløver, engsmelle --. Det var god lukt av alt det som grodde og voks rundt omkring. Humler og bier surra i den brune tømmerveggen på stova vår. Floger og klegg kunne vera leie både for folk og dyr. No måtte me tynne turnips og luke ugras i turnipslendet og i eplelendet. Graset voks ute på jordet og me måtte snart ta til med slått! I juni buførde me på heimstølen vår på Vassenda ved Helin.

### *Arbeidsdagen*

Me hadde tre arbeidsøkter om dagen, med kviler mellom dei. Arbeidsdagen var frå ferebisk til bisk, frå bisk til middag og frå middag til kvelds. Det var frå klokka sju om morgonen til klokka sju om kvelden. I kvilene mellom øktene heldt me borna på med ulike leikar: Ballspel, svibrent, jordklot, boksen går og mykje anna. I Søvella var det fine hølar der me kunne bade og lære oss å symja. Vatnet i Søvella kom frå Høljesyndin og Syndisfjellet (Gilafjellet). Det var ganske kaldt, men me let oss ikkje skræme av det! Det hende og at me gjekk ned til Vangsmjøsa for å bade. I osen, der Søvella renn ut i Vangsmjøsa, var det og fint å bade.

### *Hyppe eplo*

Eplegraset voks og det var på tide å hyppe eplo. Då spente me Blakka framfor hestehakka og kørde den mellom epleradene. Det meste av ugraset vart pløgd bort når me kørde hestehakka mellom førene. Jorda vart velta opp mot epleplantene, slik at det kunne verta meir eplo under dei. Ugraset, som sto att mellom plantene og i epleførene, luka me bort med hendene. Me krabba på knea mellom radene i den solvarme åkeren og

luka ugras. Etter at eplelendet var luka reint for ugras, voks eplegraset fint. Når det leid ut på sumaren, blomstra eplegraset.



*(Sverre har henta Blakka for å hyppe eplo)*

#### *Tynne turnips*

Me køyrde hestehakka mellom turnipsradene for å fjerne ugraset. Etter at det var gjort, bruka me ei hakke og hakka bort nokre av turnipsplantene. Tilslutt tynnte me turnipsen med hendene så det vart ståande att ei og ei plante. Det som sto att av ugras, luka me bort med hendene. Då voks turnipsplantene fint.

#### *Slåtten*

Fyrst i juli tok me til med slåtten – med slåmaskin og med ljå. Slåmaskina sto under låva og var tung å dra fram. Me måtte fylle olje på slåmaskina, slik at slåmaskinkniven skulle gå lett. Slåmaskinkniven hadde trekanta blad, som var kvasse på to sider. Dersom blada var skjemde, vart dei slipte, og far klinka på nye blad når det trongst. Me sela på to hestar og spende dei framfor slåmaskina. Slåmaskina vart køyrd ut på jordet der me skulle ta til med slåtten. Slåmaskinkniven vart senka ned på bakken. Med ein hendel kopla me slåmaskinkniven til veivakselen. Veivakselen drog slåmaskinkniven att og fram når hestane drog slåmaskina. Straks hestane stogga, stogga og slåmaskinkniven. Då måtte me rygge hestane for å koma i gang att. Var det tjukt gras, gjekk me etter slåmaskina med ei rive og raka slåtten tilsides. Den stripa me slo med slåmaskina, vart kalla ei skår. Det vart mange skårer før heile stykket var slege, og alt graset låg nede. Til sist slo me ei skår i motsett lei etter utkanten av stykkjet. Då måtte me fyrst kaste undan den fyrste skåra som vart slege. Det lukta godt av det nyslegne graset, der det lågi fine striper ute på jordet. Det kunne vera varmt, kleggen beit, og hestane vart sveitte og måtte kvile innimellom. Etter at stykket var slege, reid me hestane bort til Søvella og dusja dei. Det lika dei godt!



*(Rolf sit klar på slåmaskina)*

### *Ljåslåtten*

Det var ikkje alle stader det var råd å slå med slåmaskin. For å få med dette graset måtte me bruke ljå til å slå med. Ljåen vart festa til eit orv med eit ljåtåg. Me slo med ljå etter utkantane av jordet og på tubbute og steinute stykkje. Far minnest at dei også skar gras i rustene med ei skjøro. Var me fleire i lag som slo med ljå, gjekk me etter kvarandre i skårgang. Det var om å gjera å slå *nedåt*, men det var ikkje lett rundt tubber og steinar. Det hende at me kom borti ein og annan steinen og ned i jorda med ljåen. Ljåen måtte slipast på ein slipestein for å halde han kvass. Ein av oss borna drog slipesteinen rundt når far slipa. Med ein god og kvass ljå syntest eg det var moro å slå med ljå. Etterkvart vart me øvde og fekk godt tak på å svinge ljåen. Me bar med oss eit bryne i ein brynestrunk som hang i beltet når me slo. Brynet bruka me til å kveta ljåen for å halde den kvass i økta. Best var det å slå når det var vått i graset.



(Tre slåttekarar og ei rakstejente)

Frå morgonen av, når det var dogg i graset, var det fint å slå med ljå. Difor måtte me stå opp tidleg! På heimstølen slo me jordet med ljå og bar foret inn i ei løe på stølsjordet etter at det hadde turka. Stølsforet kørde me heim på ein hjulslede. Det hende og at foret vart køyrt heim på vetraføre. Det vart det lagt bjørkestrangar på sleden, under, på sidene og over foret. Forlasset vart jura fast på sleden med eit reip. Kyrene, sauene og hestane lika godt det fine stølsgraset. Når dei fekk det, sto dei med attlatne augo og knuspa og åt .



(Mor med fire born på loftstroppa attmed slipesteinen)

### *Turke for*

Etter at graset var slege måtte det turke før me kunne køyre det inn på låven. Var det sol og vind, turka me graset på bakka. Då gjekk me etter kvarandre og kådde det. Om kvelden raka me graset saman og sette det i såter. Neste morgon, etter at doggen var borte, reiv me såtene utover att. Det hende at me såg regnskurer over Hensgardane. Dei kom som regel frå sør! Då ottast me at det kom regn som ville øydeleggja foret som låg utover på bakken til turk. Me skunda oss og raka det saman og sette det, for at ikkje alt foret skulle verta blautt. Var det fint ver, kunne me køyre inn foret som vart turka på bakka etter eit par dagar. Var veret utrygt, hesja me. Far sa at det vart finast for når ein hesja graset. Dei fine plantedelene tok ein betre vare på, og ein trong ikkje vera redd for regnskurer. Men det var mykje meir arbeid med hesjing. Me kørde då eit lass med hesjastaur og hesjatråd ut på jordet. Der kasta me ei skår i slåttan til sides for å setja opp

ei hes der. Hol til hesjastauren staura me med eit jarnspett. Fann me att gamle staurhol spara det oss for mykje arbeid når me staura. I kvart staurhol sette me ned ein hesjastaur. For å stø hesa sette me ned to staurar mot enden på hese, på skrå mot endestauren. Ein ståltråd (hesjatråd) vart festa lågt i den eine endestauren på hese. Så strekte me hesjatråden ut langsmed hese og vikla han rundt kvar staur, og stramma til. Strengen måtte vera so høg at graset me la opp på han ikkje nådde ned til bakken. Me la graset opp på hesjatråden med ein høygaffel. Når den fyrste strengen var fylt med gras, strekte me ut ein ny streng, litt høgare opp. På kvar hes bruka me å ha tre strenger over kvarandre. Når me var ferdige med ei hes sette me opp nye heser, til alt graset var hesja. Tilslutt raka me vel mellom hesene med ei hesterive. Etterraksten la me opp på staurlag som var esla att til det i hese. Graset som låg litt langt borte, fekk me drege inn til hese med hest og ei sleperive. Det var triveleg å stå ute på tunet om kvelden etter velgjort arbeid å sjå alle hesene ute på jordet. Nede på riksvegen køyrde ein og annan bil forbi. Turistar! I dalbotnen låg Vangsmjøsa blank og spegla Grindane og Vennisfjellet. Det var ein fin sumarkveld, og heile bygda anda av fred og ro.



(Heser)

### Høyning

Var det fint ver, kunne me køyre inn foret som vart turka på bakka etter eit par dagar. Hesene kunne det ta åtte dagar eller lengre tid å få turre. Foret køyrde me inn på låven med hest og ein hjulslede med høge karmar. Eg minnest og at me hadde ein gigg. Det var ei høyvogn med to hjul. Foret lesste me opp på hjulsleden. Ein av oss borna sto oppe i hjulsleden og jamna foret utover og trøka. Når lasset var fullt, vart det liggjande høgt over karmane på hjulsleden. Det måtte ikkje vera høgare enn at me fekk køyrt det inn gjennom låvedøra! Me la ei tønge på toppen på forlasset. Tønge vart festa med ei lekkje i ein krok på fremste karmen på hjulsleden. Bak stramma me tønge ned med eit reip og batt det i ein krok på den bakre karmen. Foret låg då støtt på hjulsleden og me kunne køyre lasset frå jordet og inn på låven. Det hende at lasset var for høgt slik at det vart sitjande fast i låvedøra. Då vart Blakka, når ho drog forlasset, redd og trippa engsteleg med føtene på låvegolv. Me måtte rive av noko av toppen på forlasset for å få det inn på låven. Inne på låva tok me av tønge og skyvde forlassett ut i eit forbrøt. Og så snudde me hjulsleden og køyrde ut att for å hente eit nytt lass. Etterkvart vart brøtet fullt, og me måtte kasta foret høgt opp, og innover i brøtet. Til det bruka me ein høygaffel. Det var eit tungt arbeid - men fin styrketrening for oss borna! Slik heldt me på til me var ferdige med høyinga, eller til det tok til å regne! Ljåslåtten måtte me raka saman med ei rive når

han var turr. Det kunne ta lang tid - gjerne ei heil veke. Slo me stykket tidleg i veka kunne det verta høying på laurdag. Då kunne det verta sein laurdagskveld på oss! Dersom det var mykje for hende det at me måtte stekkje. Me fann ein høveleg stad ute, og la bjørkekvisstar og bordstubbar til botn i stakken. I midten sette me opp ei høge stong, og så lesste me av foret og la det rundt stonga. Me jamna foret utover og trakka det ned så stakken vart fast og fin. Stakken smalna oppover mot toppen. Me raka ned på sidene av stakken med ei rive og la ein hatt mot regn på toppen! Ut på vinteren kørde me for frå stakken til fjøset og ga til kyrne.



*(Eit forlass vert lesst på giggen)*

### *Slåttegraut*

Slåtten kunne ta fleire veker og vara frå fyrst i juli til langt ut i august. Når slåtten var ferdig, fekk me slåttegraut. Det var rummegraut som mor koka til oss. Attåt rummegrauten hadde me spekjemat og flattbrød. Det syntes me at me hadde fortent etter ei lang og strevsam slåttonn!

### *Vedhogst*

Vetraveden hogg me om sumaren i teigen vår i Brattsete ved Helin. Bjørketrea vart saga ned med ei bogesag og sette opp opp i reis. Me kvista ikkje bjørkestrangane fordi kvisten vart bruka til trøs som me fyra i komfyren med. Det hende at me hogg ved i fleire dagar, og då laga me oss ei lauvhytte til å overnatte i. Myggen kunne vera lei, den kvein rundt øyro våre når me la oss til å sova om kvelden. For å få bort myggen tende far på ei briskjebuske og skræmde han bort med røyken. Me sovna i lauvhytta til ljoden av bylgjeskvulp mot fjøresteinane i Hela. Om morgonen koka far kaffe, og me åt nista som me hadde med oss. Ein ny arbeidsdag tok til att.

## **Innearbeid**

### *Klæsvask*

Kvar fjortande dag vaska me klæo. Kleda som skulle vaskast, vart lagde i ei sinkbalje med såpevatn. Der låg dei i bløyt over natta til neste dag. Me sette eit vaskebrett ned i sinkbalja og sto og tvetta klæda mot vaskebrettet. Plagg som skulle kokast, vart lagde opp i ei gryte i peisen og koka. Etter at kleda var vaska bar me dei bort til Søvella og skylde dei der. Var me uheldige og miste eit plagg, kunne det fara nedover åne og verta borte! Når kleda var skylde, bar me dei attende og hengde dei opp på trågjerdet langs gøta. Klæsvasken som hang på gjerdet om vinteren, vart stivklaka! Når klærne var turre,

eller stivklaka, bar me dei inn i stova. Der sto me og strauk kleda. Me hadde eit innholt strykejarn, som me la glør frå ovnen inn i for å halde det varmt. Det var før me fekk lagt inn elektrisk straum og fekk elektrisk strykejarn – i 1940. Dugar, handdukar og sengeklær vart dynka med vatn, strekte og rulla på ei rulle. Rulla sto oppå gangen. Me borna sveiva den rundt, og mor la inn i rulla, og styrde, det som skulle rullast.

### *Baking*

I Gamlestøga baka me flattbrød. Der hadde me peis og ei takke til å steikje på. Mor tok eit lite emne som ho kjevla ut på bakstefjøla. Når ho syntest det var tunt nok tok ho ei trinse og trinsa over det. Så tok ho ein tynne stav som ho stakk inn under flattbrødemnet og rulla det inn på staven. Ho heldt staven over takka og rulla flattbrødemnet forsiktig ned på takka. Det var me borna som passa på elden under takka, så ho var passeleg varm. Og me passa og på at flattbrødet vart steikt godt nok, men ikkje for mykje. Når flattbrødet var steikt, lyfte me det frå takka og la det på loket på ein treholk. Etter at flattbrødbaksten var ferdige, vart flattbrødleivane lagde ned i holken. I gamlestøga vart det og baka lefse og eplekake av jordeple. Då koka me eplo, fløste dei og mol dei på ei kvern, og hadde dei i deigen. Mor sette brøddeig om kvelden og let deigen heve seg til neste dag. Ho baka 12-14 brød om gongen, og la dei i ein holk. Mor baka og jolekake og smultringar. Det var stor stas når me fekk det.

### *Laurdagsvasken*

Kvar laurdag vaska me golvet i klevane, stova, kjøkenet og gangen. Me delte på dette arbeidet, ein vaska klevane og kjøkenet, og ein vaska stova og gangen. Gangen i huset vårt var uisolert og gangdøra sto som regel oppe om sumaren. Når me vaska gangen om veten, kunne det fryse is på ganggolvet endå døra var att. Då kunne det verta glatt å gå på det!



*(Gerd og Eivind tek seg ein pust i bakken etter laurdagsvasken)*

### *Vaske rundt til jol*

Føre jol vaska me rundt i huset. Me bar ut dei tunge springfjormadrassene frå sengene og banka dei. Bileta på veggene vart tekne ned og turka støv av. Tak, vegger og golv i alle rom vart vaska med salmiakkvatn. Møblane vart flytte på og vaska. Rundvasken kunne ta fleire dagar, men då vart det og reint og fint i heile huset. Golvet i stova olja far til kvar jol, slik at det vart blankt og fint. Det vart jolestemming i huset etter at det var vaska rundt og stovegolvet var olja.

### *Matstell*

Til ferebisk fekk me heimebaka brød med brimøst, kvitost, syltetøy og anna pålegg og mjølk. Til bisk hadde me havresuppe eller mjølkevelling. Middagen var steikt sild, spekesild, blodklubb, fisk, kjøttkaker, pannekaker o.a. Om våren laga mor brenneslesuppe med eggebåtar i. Ho plukka dei små blada på brennenøtene og hadde dei i suppa. Ho laga og ertesuppe, søtsuppe, saupsuppe og fiskesuppe. Kveldsmaten var vassgraut koka av byggmjøl og vatn, med søt eller sur mjølk attåt. Av og til laga mor breste; det var sur mjølk som vart koka. Me laga oss ofte søll, som var flattbrød med søt eller sur mjølk. Søll lika eg best!

### *Klæo*

Av sauene fekk me ull, som vart vaska, turka, grøypt og kara til tullar. Eg var med på å grøype ulla, medan bestemor kara det eg grøypte til tullar. Bestemor sat i stova og spann ulltråd på rokken av tullane. Ho trødde på ei trøe, eit fotbrett, slik at hjulet på rokken snurra rundt. Det var ei snelle på rokken som ulltråden vart vikla inn på. Ho hengde tullane etter kvarandre slik at dei vart strekte ut til ein tråd. Når trådsnella var full festa ho tråden på eit hespetre og vikla han til ein hespil. Hespilen tredde bestemor inn på armane våre, og nysta den til eit garnnysta. Av garnet strikka ho sokkar og føslo til oss. Mor sydde skjorter og andre klæo til oss. Det hende at ein skradar i bygda (Ivar Sy Hauge) sydde klæo til oss.



*(Bestemor Ingrid Veflen med bøndingen i lag med barneborna Gerd og Eivind)*

### *Vetrasko*

Ivar på Bøkkø (Ellingbø) laga husko til oss. Han laga dei av reinsfete og pynta dei med fine, fargerike band. Huskoene var lette og gode å gå med, når det var snø og kaldt ute. Elles hadde me beksomstøvlar om veten. Når skosolane var utsletne fekk me Embrik på Hauge til å halv sola dei. Då vart skone mest så gode som nye!

### *Tøve sokkar*

Far tøvde sokkar og andre ullplagg på ei tøvsefjøl, for at dei skulle verta tette og varme. Tøvsefjøla var eit trebrett med riller på. Det som skulle tøvast, vart fyrst lagt i varmt såpevatn. Deretter la han det på tøvsefjøla og pressa det att og fram over trerillene. Til slutt vart det skylt og turka, og var klart til bruk.

## Leik om sumaren

### *Slå på ringen*

Når me slo på ringen, heldt me kvarandre i hendene og laga ein ring. Ein sto utanfor ringen og slo med handa si bort i ein som sto i ringen. Desse to skulle då kappspringe rundt ringen, same vegen eller i kvar si lei. Det var om å gjera å koma fyrst attende til den ledige plassen. Vann den som slo måtte den som tapte, slå på ein i ringen neste gong. Elles måtte han prøve på ny til han greidde å springe fortast rundt ringen.

### *Slå ball*

Me hadde ein raud gummiball som me bruka til å slå ball med. Det var to lag mot kvarandre. Eitt lag var inne og eitt var ute. Det vart sett strek for innemål og utemål. Ein på innelaget slo ballen som ein på utelaget ga opp, med eit balltre. Den som slo ballen, måtte springe over banen og stelle seg bak utemålet. Dersom utelaget fekk tak i ballen kunne dei "stikke" den som sprang. Råka dei, kom utelaget inn. Tok utelaget ballen før han landa, var det heile ball, og då kom og utelaget inn. Greidde dei ikkje å råke den som sprang, eller ta ballen i lufta, slo den neste. Då kunne den som hadde sprunge fyrst ut, springe innatt.

### *Kaste haland*

Det var to lag med, eitt på kvar side av gamlestøga vår. Det eine laget kasta ballen over taket til andre sida, der det andre laget sto. Når dei kasta, måtte dei rope *Holland*, så motparten vart klar over at det kom ein ball. Det var om å gjera for dette laget å ta ballen før han datt ned på bakken. Greidde dei det, kunne dei springe til hjørna av huset og rope *stå* til det andre laget! Då kunne dei ikkje flytte seg, men måtte stå der dei sto. Og så var det om å gjera å kaste ballen (stikke) og råke ein av dei som sto der. Greidde dei å råke ein av dei med ballen, måtte denne gå over til det andre laget. Dei kunne og samla opp fleire heile ballar. To halve ballar – ballen var ei gong nede i bakken før ein tok den - vart rekna som ein heil ball. Når eit lag hadde stukke alle på det andre laget, hadde det laget vunne.

### *Siste par ut*

Deltakarane sto to og to jamsides i ei lang rekkje. Ein sto åleine fremst. Den som sto fremst ropa: Siste par ut - Kari og Knut sprut ut! Paret som sto bakerst, måtte då springe framom rekkja, ein på kvar side. Den som ropa, prøvde å fange ein av dei to som sprang, før dei nådde i kvarandre. Nådde dei i kvarandre, stilte dei seg fremst i rekkja. Dersom den som ropa, fanga ein av dei to stelte dei to seg fremst i rekkja. Då var det den andre sin tur til å rope siste par ut.

### *Tre mann høy*

Borna sto i ein ring, to og to bak kvarandre, med god avstand. Ein stad sto det tre bak kvarandre. Ein av deltakarane skulle prøve å fange denne tredjemannen. Den som sto som tredjemann, måtte då skunde seg og finne seg ein ny plass fremst. Han kunne då smette framom dei han sto bak, eller finne seg ein annan plass fremst. Tredjemann i den rekkja måtte då springe og finne seg ein ny plass fremst. Slik heldt me på til ein vart fanga. Då var det denne sin tur til å fange.

### *Jeppje pinne*

Det kunne vera to eller fleire med. Eitt lag var inne og eitt var ute. Innelaget hadde to trepinningar: Ein ale på ca. 60 cm og ein pinne på ca. 15 cm. Inne ved mål var det ei lita hole, som pinnen vart lagt tvers over. Ein på innelaget sette alen bak pinnen og spretta han så langt som råd. Utelaget skulle kaste pinnen innatt og prøve å råke alen som var lagt tvers over holet. Råka dei alen, kom utelaget inn, og innelaget måtte ut. Slik var det dersom det berre var to spelarar. Var det fleire, var det nestemann på innelaget sin tur til å sprette pinnen. Dersom utelaget ikkje råka alen, slo innelaget pinnen så langt som råd med alen. Utelaget kasta pinnen innatt, og vert det under ei alen frå den til hola kjem utelaget inn. Var det lengre mæler ein avstanden med alen og notera kor mange alen det er. No tek tredje del av leiken til, som er å jeppje pinnen. Då vart pinnen sett ned i hola slik at enden stakk opp, og ein slo til han med alen. Når pinnen spratt opp, slo ein på ny slik at pinnen for langt avgarde. Eller ein kunne fyrst gje pinnen eit lett slag og deretter slå den langt avgarde. Råka ein berre ein gong, mælte ein avstanden frå der pinnen datt ned til hola med alen. Råka ein pinnen med to slag, mælte ein avstand både med alen og pinnen. På førehand vart partane samde om kor mange alen ein måtte ha for å vinne, t.d. 200. Innelaget kunne prøve å slå pinnen når utelaget kasta han inn etter at han var jeppja. Bomma ein, slik at pinnen berre så vidt vart råka og gjekk ned bak hola, var utelaget inne. Det var bakslag. Det same galdt dersom pinnen vart kasta lågt inn, og innelaget slo ned i jorda. Då var det jordslag. Dersom utelaget greidde å fange pinnen i lufta når den går ut, så kom og utelaget inn.

### *Slå jordklot*

Kloten var ei runde trekule, litt større enn ein vanleg ball. Denne la ein i ei hole. Det kunne vera 5-6 spelarar som sto i ring rundt. Kvar av dei hadde ein stav og laga seg ei hole som dei sette staven sin ned i. Spelet tok til med at ein av spelarane slo kula langt bort frå hola. Ein vart vald til å slå kula attende til hola med sin stav. Dei andre spelarane skulle prøve å hindre det ved å slå kula bort. Den som gjekk, kunne då prøve å setja staven sin ned i hola til han som prøvde seg. Greidde han det, var det han som miste hola si sin tur til å slå kula. Var det vanskeleg å få kloten attende til hola, kunne ein prøve å råke ein fot. Vart foten råka, måtte den som vart råka, overta kloten. Greidde han å få kloten attende til hola, samla han saman alle stavane. Han tok den beste staven sjølv og gøymde dei andre i nærleiken, utan at dei såg på. Dei måtte då finne att sine stavar. Den som fann sin stav sist, måtte gå neste gong.

### *Kaste på kilan*

Det var to lag, som kvar hadde ein Konge (50 cm), 4 Hyingar (30 cm), 4 Lus (20 cm) og 2 Kløta (15 cm lange, eller runde). Desse kunne ein laga av vedkubbar som fanst i vedaskålen. Kvart lag hadde to hyingar og to lus, som vart sette opp i ei line. Det kunne t.d. vera ein hying i kvar ende og to lus mellom dei. Avstanden mellom dei kunne vera omlag 1,5 meter. Det andre laget set opp sine kilar 10 – 15 meter lenger borte. Kongen skulle stå i midten. Spelet gjekk ut på å kaste ein klot og prøve å råke flest mogeleg av motparten sine kilar (motparten sine lus og hyingar). Spelarane kasta etter tur. Motparten må kaste kilane, som vart råka og fall, attende saman med kloten. Kilane måtte setjast opp der dei datt ned, anten ved toppen eller ved rota. Det kunne den som kasta attende velja. Det gjaldt å få dei nær kilane som sto der frå før, for å få slege ned fleire neste gong. Er ein uheldig og råkar kongen, må den som gjer det, gje frå seg halvparten av sine kilar. Har ein av spelarane ikkje att kilar, kan han låne kongen. Motparten prøvar då å felle kongen. Fekk ikkje den som lånte kongen tak i ein kile,

kunne han reise opp kongen tre gonger. Hadde han ikkje fått tak i kilar etter å ha reist opp kongen tre gonger, har han tapt.

#### *Kaste i bane*

Kongen vart stilt opp i midten og kilane vart sette opp i ein firkant rundt kongen. Hyingane vart stilte opp i hjørnene. Lysene vart plasserte på lina mellom hyingane. Det vart bruka berre ein klot, eller ball, til å kaste på kilane med. Spelarane vart samde om kor ein skulle stå og kaste. Her vart det talt poeng: Ei lus var eitt poeng, ein hying 5 poeng og kongen 6 poeng. Dersom ein slo ned fleire med eitt kast, vart det berre rekna eitt poeng for kvar. Dersom ein råka kongen slik at kongen spratt ut av firkanten, fekk ein 12 poeng. Fyrstemann til 24 poeng vann, men ein måtte få akkurat 24 poeng. Fekk ein fleire poeng, "brende" ein ned til 15 poeng og måtte byrja att derfrå.

#### *Kaste på stikka*

Når det vart tåe om våren, kasta me på stikka. Ein pinne vart sett ned i jorda, og me drog opp ein strek eit stykke frå den. Den som kasta måtte stå bak streken når han kasta. Til å kaste med bruka me småpengar, eitt-øringar eller fem-øringar. Det galdt å koma så nær stikka som råd var med mynten ein kasta. Den som hadde sin mynt lengst undan stikka, kunne lappe, dvs. kaste nye myntar. Alle fekk kaste så mange myntar dei ville, for å koma nærast stikka. Til sist samla den som hadde mynt nærast stikka, opp alle myntane som låg der og fridde opp. Han rista då myntane i hendene og valde kron eller mynt, før han sleppte dei ned. Han fekk alle myntane som hadde den sida opp som han valde. Deretter var det nestemann sin tur til å fri opp det som var att. Slik heldt me på til alle myntane hadde fått ein eigar.

### **På støle**



*(Fjøs og kyr på Njuketølen på Smådalen)*

#### *Buføre*

I juni buførde me til heimstølen vår på Vassenda ved Helin (900 meter over havet.) Å vera på stølen om sumaren var det kjekkaste me visste om. Me hadde mange gode minner frå stølen, så bufardagen såg me støtt fram til. Bufarlasset vart lesst opp på ein hjulslede. Det var alt me måtte ha med oss på stølen: Mat og klær, seperatoren, salt til kyrne, meierispønn og mjølkespann og mykje anna. Kyrne, kvigene og kalvane jaga me oppover gøta, gjennom Knutskvene og opp på stølsvegen. Krøtera gjekk ofte ut frå

vegen og inn i skogen for å eta graset som voks der. Då hadde me vår fulle hyre med å få jaga dei innatt på vegen. Me fylgde etter dei opp på Åsen og vidare ned til Kinn, der det er eit vegnaskilje. Kyrne kjende seg att, og gledde seg nok, dei og, til å koma på stølen! Dei sprang nedover vegen mot Kinn og bortover til Nørre Vassenden, mot stølen vår. Når me kom opp til stølen, sleppte me krøtera inn i ei kve. Det var eit inngjerda hjørne av stølsjordet, nær sælet. Inn på stølsjordet fekk ikkje kyrne koma før me hadde høya det. Far kom etter med bufarlasset. Han hadde to hestar, ein som drog lasset, og ein som gjekk etter i ein taum. Etter at me hadde lesst av hjulsleden og fått alt på plass, tende mor opp i ovnen. Ho laga det fyrste måltidet på stølen denne sumaren. Me benka oss rundt det grønmåla bordet i det vesle selet. Gjennom glaset såg me ned på Helin, som kunne liggje blank og fin. Høge fjell med snøfenner i skorene, og grønne bjørkelier omkransa stølen vår. På andre sida av Helin låg Grøvestølen der Ellingbøgardane hadde stølane sine. Det klunka i ei og annan bjølle. Kyr, sauer og hestar gjekk nede på stronda ved Helin og beitte. Om kvelden sat me ute og mjølka kyrne. I sengene hadde far lagt ny størr frå myrane oppe på Åsen. Størren lukta godt og var mjuk og god å liggja og sova på.



*(Nils, Sverre, Eivind, Margit, Gerd og Rolf i Smådalsjordet)*

### *Stelle på støle*

Me sto opp ved sekstida om morgonen for å mjølke. Kyrne låg ute om natta, og me sat ute og mjølka. Me hadde ein liten krakk til å sitja på, og eit spann til å mjølke i. Og så sette me oss innåt kvar vår kyr for å mjølke. Kyrne sto som regel roleg. Mjølka sila me ned i eit meierispann gjennom ein sil med silvatt i. Når alle kyrne var mjølka, sette me meierispannet ned i avkjølnga. Det var ei kjelde med eit overbygg til vern mot sola. Det hende at me separerte mjølka. Separatoren sto på ein benk inne i selet. Når me drog separatoren, vart fløyten skild frå mjølka. Fløyte og skumma mjølk rann ut av kvar sin tut og ned i kvart sitt spann. Fløyten vart til rumme etter å ha stått ei stund. Då fekk me rumme og kvikako. Fløyten kinna me til smør. Skumma-mjølka fekk kalvane drikke. Kyrne gjekk i skogen på beite om dagane og kom attende til stølen om kvelden. Me strødde salt på steinar som låg i kven og i stølsjordet. Kyrne lika å sleikje salt. Etter at kyrne var mjølka, fekk dei gå ut att og i kveldsbeite. I 1940 fekk me fjøs på Vassenda, og kyr og kalvar fekk liggja inne om natta. Det var Ola Bruflat som bygde fjøset for oss. I juli flytte me på langstølen vår på Smådalen. Den ligg 1200 meter over havet. Stølsbudeiene laga gjestebø for kvarandre. Det var kjekt å koma saman for å drikke kaffe og få servert god stølsmat. Ikkje minst me borna syntes det var koseleg. Den 24 august flytte me attende til Vassenden ved Helin. Der støla me til me buførde heimatt midt i september. Om laurdagane kom far på stølen og var i lag med oss til

måndagsmorgonen. Det var triveleg å springe han i møte når han kom køyrande oppover stølsvegen. Om sundagane gjekk me av og til på turar, med niste og kaffekjel. Far lika å laga eit bål og koke kaffe når me var ute på tur. Tidleg måndag morgon måtte far reise heimatt for å vera med på slåttan.



*(Gjestebø på Smådale)*

#### *Ysting*

Mor samla mjølk i fleire dagar for å yste når me støla på Smådale. Mjølka hadde ho opp i ein koparkjele, som var hengt opp i peisen. I eit smalt rom attmed peisen låg det løsto. Det var avlange trekubbar som vart bruka til å fyre med når me ysta. Når mjølka var blitt varm, hadde mor oppi osteløp slik at kvitosten vart skild ut. Kvitosten tok ho opp frå kjelen og la i eit plagg og klemde veska ut av han. Osten la ho i eit kjerald og sette ut i bue. Mysa som låg att i koparkjelen, vart koka til brimøst. Det tok lang tid, og me måtte passe på å røre godt, så det ikkje svei seg i botnen. Me kalla det "å røre åt" på slutten av kokinga! Brimøsten vart teken opp av kjelen og lagd i ei osteform og sett ut i bue. Osteformene kunne ha fine mønster som kom på brimøsten. Koparkjelen skura me med fin sand og vaska etter at ystinga var over. Osten køyrde far heim og sette han på loftet for å ha til vinteren.

#### *Kinne*

Me hadde ei kinne på stølen som me kinna smør i. Mor slo fløyte opp i kinna, og me drog rundt og rundt til det vart smør. På slutten vart det tungt å sveive, så mor måtte ta i eit tak og hjelpe oss. Når kinninga var ferdig, tok mor opp smøret or kinna, salta det og la det i ein smørbutt.

#### *Fiske i Smådøla*

Oppe på torvtaket på selet vårt på Smådale låg det mange fisketroer. Me hadde kvar vår troe. I enden på troa var det bunde ein vå - eit langt snøre. Og i enden på våen festa me ei sene, som var ein blank, glatt tråd. I enden på sena vart det festa ein fiskekrok. Me grov makk til å tre inn på fiskekroken. Bak fjøset og under steinar, fann me makk. Med fisketroa på aksla og ein blekkboks med jord og makk i gjekk me ned til Smådøla. Smådøla susa framfor oss på si ferd nedover Smådalen frå Jødnstjednet mot Øynadn. Me tredde ein makk inn på fiskekroken og slengde han ut i åne. Fiskesnøret flaut med straumen nedover. Brått kunne me kjenne at det rykkte i troa - me hadde fått ein fisk på kroken! Då svinga me fisketroa høgt opp i lufta. Det hang ei kjø i enda på fiskesnøret.

Fisken kunne dette ned langt inni vierrustene og liggje der og sprele. Me tok fisken av kroken og hengde han inn på ei vierklyft, som me laga oss. Så tredde me ein ny makk på kroken og gjorde eit nytt kast ut i åne. Etter å ha fiska ei stund gjekk me oppatt til selet. Det kunne verta steikt fisk til middags den dagen!



*(Fisketroer på selstaket på Smådale)*

#### *Plukke bær*

På Smådale vaks det krækling og blåbær. "Forbjødde bolet"! - ropa me når me fann ei tubbe med mykje krækling på. Det betydde at me ville ha han åleine! I Helevendalen fann me molter på myrane. Det var Runde-myre, Svarte-myre, Skraddarmyrane og fleire fine moltemyrar. På Vassenda plukka me blåbær og laga oss blåbærsøll. Tytebær fann me i Goliatglenna borti Kinnehøgden. Briskjibær plukka me på briskjibuskene og laga treakk av dei. Molter fann me og på myrane ovanfor stølen vår på Vassenda. Det var det mange fine myrar der, innover mot Høljesyndin.

#### *Gå på tur*

Når me var på Smådale, gjekk me ofte opp på Smådalsfjellet. Det var fint å gå gjennom vierrustene, med sylvblanke blad, og opp på fjellet. Det hende at me fann reinshorn der. Dei tok me med oss ned att til selet. Oppe på Smådalsfjellet var det ei lita hytte som reinsgjetarane budde i. Det var mykje rein som beitte i Smådalen om våren. Me kunne få auga på ruper, fjellpistra, kørp og mange andre fuglar på turen. Det hende og at me gjekk opp på Grindafjellet (1724 m). Ein sumar datt kalvane til dei på Hauge (grannestølen) ned frå Belgjinose og slo seg i hel. Det gjorde sterkt inntrykk på oss som var på stølen den sumaren. Til Hallingsteinen på Storlifjellet var det og fint å gå på tur. Namnet sitt har han truleg fått fordi ein Halling berga seg frå ein bjørn der. Eller kan hende han berre søkte ly for illver under steinen? På Vassenda var det fint å gå inn til Kringeltjernet og til Høljisyndin. Og opp til dei to store steinane som ligg oppe på Kinnehøgda. Det var to troll som var sinte på kvarandre og kasta stein mot kvarandre. Det eine trollet budde i Grindo og det andre i Hugakollen! Det må ha vore to sterke troll! Heldigvis råka steinane berre kvarandre og ikkje trolla. I Vergensteinhola i Kinnehøgden fann me bergkrystall. Me gjekk og på tur opp på Syndisfjellet og heilt opp til Kruk. For lenge sidan jakta dei rein der oppe, med pil og boge. Der var det framleis far etter gamle bøgahi og ledemurar for rein ved Kruk. Det var tolv gardar på Helestrønd i gamle dagar og dei hadde kvart sitt bøgahi. Det skal og ha vore kyrkje på Helestrønd i gamle dagar.

### *Fiske i Hela*

I Hela fiska me med net, som me sette ut frå land og rundt osen der Grøvstøla rann ut i Helin. Etter at neta hadde stande ute ei natt tok me dei opp att. Det kunne vera så mykje som 90 fiskar på neta, når me tok dei opp om morgonen. Fisken hadde me som middagsmat, og mor la noko ned til rakfisk. Rakfisken fekk me saman med lefse til jol. Det lika me godt. Var det illver kunne det koma bas – kvist og lauv – inn i neta. Det var mykje arbeid med å greie neta då. Me tok ut alt baset, tredde nettet inn på ein netpinne og hengde det opp i ei bjørk til turk. Når nata hadde turka, sette me dei ut att. Det var fint å ro ute på Hela og sjå ned på den fine botnen. Og me lika å leike nede på stronda ved Helin og finne rare og fine steinar.



*(Smådalsfjellet med snøfenner speglar seg i Helin)*

### *Køyre med hest*

I gamle dagar køyrde me med hest når me skulle reise langt. Når me buførde på stølen, var det hestane som drog bufarlasset. Om veten køyrde me med hest og doning til skogs for å hente ved. Skulle me på besøk, sela me på hesten og spende han framfor ei sluffe. Me sat i sluffa når hesten sprang avgarde. Eg hugsar at mor køyrde med hest og spisslede til Ivar Sy Hauge, som sydde klær til oss. Ein gong køyrde me borna med hest og slede til ysteriet for å hente far. Han var styrar på ysteriet, og det gjekk ikkje rutebil. Me var engsteleg for å møte bilar i Kvamskleiva, for hestane var ikkje vane med bilar. Brøytebilen kom i full fart etter oss då me svinga inn framfor ysteriet. Då pusta me letta ut! Dei som hadde lang veg til kyrkje, bruka å køyre med hest til kyrkja. Hestane sto utanfor kyrkja med eit hestedekken over seg for å halda varmen. Det var fleire i bygda som ala opp hestar. Då måtte dei temja dei for å få dei til å lye. Langt inne i fjellet var det hestebeite, der dei som hadde hestar gjette dei om sumaren. Bestefar og grannen vår hadde hestar på beite heilt inne på Lægeret. I gamle dagar køyrde dei mjølka med hest og kjerre på den gamle bygdevegen heilt frå Nertros, Skjælhaugen og Oppgårdan ned Skjærpingane til riksvegen.

## **Hausten**

### *Skogen gulnar*

I september var det blitt kjøleg om morgonen og bjørkene tok til å verta gule. Det låg rim på graset i stølsjordet og det la seg is på søledammar. Det kunne ligge snø på Grindafjellet. Då var det på tide å buføre heimatt. Når me kom heim frå stølen, måtte me

ta opp epla og turnips. Me køyrde inn loa, tok ned hesene og køyrde inn stauren frå hesene. Og så byrja me på skulen att.

#### *Buføre heimatt*

Midt i september buførde me heimatt frå Vassenda. Kyr og kalvar vart samla, og me borna måtte jaga dei heimover. Far kom etter med bufarlasset. Når me flytte ut frå selet sa dei at Haugafolket flytte inn i selet. Dei fekk vera der til me kom på stølen att neste sumar. Då måtte dei flytte ut att! Diktaren Edvard Storm (1749-1794) skreiv: *Far vel, hulder, som der budde, flytt no du i sele inn; Vinters tid æ ilt å liggje ute bå`for ver og vind* I gamle dagar trudde folk at det fanst haugafolk og hulder. Men det var ikkje lett å få auga på dei!

#### *På skulen*



*(Elevar ved Fredheim skule i 1939-40. Første rad: Sverre Thune, Johnny Myhre, Rolf Thune, Thomas Kvale, Olav Olsen, Einar Reidar Bøe, Olav Søndrol, Knut Lajord, Knut Bøland, Olav Gullik Bøe, Andris Bøland, Olav Gladhaug  
Andre rad: Arne Bøe, Nils J Bøe, Rolf Johansen, Kari kvamme, Kirsti Berge, Maren Myhre, Ingeborg Dekko, Torstein Kvam, Thomas Kattvold.  
Tredje rad: Trygve Lund, Ralph, Ottar Bøe, Inga Steile, Marit Wangensten, Helga kvale, Birgit Bøland, Synnøve Ellingbø.  
Fjerde rad: Lærarinne Randi Thune, Guri Skøre, Ingeborg Garvik,, Sigrid Rødningen, Bergljot Garvik, Anne Marie Ødegård.)*

Me gjekk i Fredheim skule annankvar dag. To klassesteg gjekk i lag. Skuledagen byrja med at me song *Sjå dagen sprett, i auster ætt* -- . Når skuldagen var slutt song me *Fager kveldsol smiler, over heimen ned*. Me lærde mange songar utanåt og nokre av dei sit framleis i minnet. Det var kjekt å gå på skulen, syntest me. Der fekk me skrivebøker og lesebøker. Og blyantar og fargeblyantar. Hadde me vikarlærer, ba alle om å få nye blyantar! Vikaren - Ola Skogstad - frå Øvre Dale var snill og ga oss det. Lærarinnene

våre, Berit Garvik og Randi Thune, var både snille og greie. Var det nokon som hadde vondt for å fylgja med, sette dei seg attmed dei og hjelpte dei. Til skulen gjekk me i lag med kameratar, og der fekk me nye vener. Mobbing hadde me ikkje høyrte om. Men det hende nok at me vart erta! Det var ein ordensmann som ringde inn til timane med ei bjølle. Ordensmannen gjekk i storskulen og måtte kunne klokka! Om våren og om hausten slo me ball i friminutta ute i skulegarden. Ekstra kjekt syntest me det var når Randi, lærarinna, var med oss og slo ball. Om vinteren gjekk me ofte på ski til skulen. Då laga me ein hoppbakke nordafor skulegarden og hoppa på ski der i friminutta. Me hadde skuletur på ski til Vassenden. Berit Garvik tok med seg elevane i småskulen til selet vårt på Vassenda. Der hadde ho snø opp i ei gryte og koka vatn og trekte te til oss. Niste hadde me ha med oss. Randi tok elevane i storskulen med på ski til hytta si, som ligg så fint til nede ved Helin. Der skipa ho til langrennskonkuransar og utforkøyring for oss. I Januar kunne det verta kaldt, men det er gode minner frå desse turane som lærarinnene våre tok oss med på. Når me ikkje var på skulen hjelpte me til heime, og las på leksene til neste skuledag.



*(Fredheim skule i Vang)*

### *Eplegravst*

Når det leid ut på hausten, tok me opp epla. Fyrst måtte me slå eplegraset med ljà og raka det saman. Eplegraset køyrde me til fjøset og ga til kyrne. Det måtte vera mange med når me tok opp epla - både vaksne og born. Me hadde epleopptakar i lag med dei to grannegardane. Den sto under låven vår. To hestar drog epleopptakaren, som ein av dei vaksne køyrde. Opptakaren spreidde ei og ei eplefør ut over åkeren. Me hadde kvart vårt stykkje å plukke epla på, og to spann kvar til å plukke i. I det eine spannet hadde me storeppla og i det andre småeppla. Når me var ferdige med ei før, snudde me spannet og sette oss på det for å kvile. Der sat me og venta til neste før vart spreidd utover. Storeppla tømde me i ei kjerre som sto ute på åkeren. Småeppla tømde me i kasser. Kjerra med storeppla køyrde me ned til våningshuset vårt. Ei stor kasse vart sett bak kjerra og epla vart tippa ned i den. Kassa med epla i bar to i lag inn i stova vår og tømde ho ned i ein karm på golvet, som låg rundt ei lita luke i golvet. Epla skauv me gjennom luka i

stovegolvet og ned i kjellaren. Kassene med småeple kørde me på ein hjulslede ned til fjøset og tømde dei i ein bingje. Småeplo ga me til grisene og kyrne. Ein gong hadde me ein nyfødd kalv inne i eplebingen. Ein morgon mor kom inn i fjøset, dreiv kalven og ok på eplehaugen! Han gjekk opp på toppen av småeplehaugen og ok nedatt fleire gonger. Me var med på å plukke eplo på andre gardar og – og tente nokre kroner på det! Det var ofte surt og kaldt ver om hausten når me plukka eplo, og me fraus på fingrane. Ja, det kunne til og med ha kome snø! Vang er ei fjellbygd! Var det fint ver, hende det at dei kom med mat og kaffe til oss ut i åkeren. Det var triveleg.



*(Tante Kari og bestemor Gjertrud serverer kaffe i åkeren)*

#### *Ta opp turnips*

Me drog opp turnipsen med hendene og kasta han i haugar ute på turnipslendet. Turnipsgraset hakka me av med ei skjøre og la turnipsen og graset i haugar kvar for seg. Turnipsgraset kørde me til fjøset og ga til kyrne. For å lagre turnipsen grov me ei rund grop i åkeren og kasta turnipsen ned i gropa. I utkanten la me turnipsen jamt og fint med tjukkenden ut. Midt i haugen sette me ned eit par staurar for at det skulle koma luft inn i haugen. Så fylte me på med turnips til haugen nærast vart sjåande ut som ein "iglo". Me dekte til turnipshaugen med halm, og utanpå halmen la me jord. Om vinteren kørde me turnips frå turnipshaugane og ga til kyrne. Me hakka hol i haugen, plukka fram turnips og kasta han opp i ein sledekarm. Hesten drog sleden med turnips gjennom snøfennene og til fjøset. Der venta kyrne på turnipsen, som dei lika sers godt! Holet i haugen tetta me att med ein sekk med halm i til neste gong me kørde turnips.

#### *Skuronna*

Me hadde byggåker som me skar om hausten når den var "skjærde". Til å skjera kornaksa i åkeren bruka me ei skjøre, eller me kunne slå med slåmaskin. Vart det bruka skjøre, vart aksa bunde til ein bendil (kornband) og tredde ned på ein staur. Staurane med kornbanda sto ute i åkeren, og vart kalla rjå. Slo me åkeren med slåmaskin hesja me loe. Når loe var turr, kørde me ho inn på låven og la den ovanpå foret i eit forbrøt. Der låg ho til me skulle treskje utpå vinteren. Ein av oss borna måtte stå oppe på lolasset, og jamna ut og trække. Då fekk me snerp i ullsokkane våre. Det lika me slett ikkje!

## Vinter

### *Fjøsstellen*

Kyrne sto på båsane sine i fjøset, sauene var i sauehuset og hestane sto i stallen. Før me ga kyrne mat og drikke, møka me gjødsla frå skantillen ned i gjødselkjellaren. Hestemøka kasta me ut gjennom ein glugge i veggen med ei greip. Sauene gjekk på gjødsla (talle). Den vart måka ut om våren etter at sauene var sleppte ut. Det var tungt arbeid! Me bar fordøtta (vøndila) frå låven bort til fjøset og ga til kyrne. Sauene, hestane og hønene måtte og få mat. Foret måtte me rive laust i forbrøtet og hive det ned under låveskuten. For å få inn alt høyet om sumaren måtte me hardstappe forbrøtet. Difor kunne det vera eit slit å rive laust foret om vinteren. Ein av oss vøndla og ein bar fere og la vøndilane inn i båsane til kyrne. Kyrne fekk og mjøl og syrp. Vatn auste me opp med ei bytte frå ei vasstunne inne i fjøset. Bytta sette me inn i båsen til kyrne for at dei skulle få drikke seg utyrste. Møka i møkakjellaren under fjøset køyrde me ut på jordet om veten, med hest og slede. Den vart lagt i haugar, og låg der til me breidde møka ut på åkeren i våronna.

### *Mjølking*

Me mjølka kyrne med hand. Mjølka sila me gjennom ein sil med silvatt og ned i eit meierispann. Etter at me var ferdige med å mjølke måtte me avkjøle mjølka for at ho skulle halde seg. Meierispannet bar me då mellom oss og sette det ned i ei kjelde i nordigardsbekken. Om morgonen køyrde me spannet ned til riksvegen der det vart henta av mjølkebilen. Mjølkespanna vart køyrde med lastebil til ysteriet. Der vart det ysta ost og kinna smør av mjølka. Spanna kom attende med ysteribilen og måtte reingjerast. Det var ikkje brøytt veg til garden vår om veten. Då måtte me køyre med hest og slede på snøfennene ned og opp Skjerpingane.

### *Sleppe ut sauene og hestane om veten.*

Sauene sto i sauehuset om veten. Det hende at dei fekk gå ute, endå det var snø. Då gjekk dei straks bort til beitakøsten og nappa kvist og gnog bork av buskene. Hestane lika godt å springe ute i snøen. Det hende at dei for langt av garde, så me måtte leite etter dei. Me hadde med oss eit biksel og reid hestane heim og sette dei inn i stallen. Der skrapa me snø og is av dei med ei skrape. Det lika dei godt.

### *Bera vatn*

Me hadde ikkje innlagt vatn, og måtte bera inn vatn frå nordigardsbekken. Til å bera vatn bruka me ein vassele, som me la over akslene. I kvar ende på vasselen var det ei lekkje til å henga spanna i. Vatn til kyrne bar me inn i fjøset og slo opp i ei stor tunne som sto der. Inne i huset slo me vatn opp i ein vassbutt som sto på kjøkenet. Om veten tela bekken og vatnet vart borte. Då måtte me køyre vatn frå Søvella. Var det svært kaldt, så kjøva Søvella og vatnet vart borte der og. Då måtte me køyre vatn frå Vangsmjøsa. Me hakka hol i isen og auste vatn opp i meierispanna, som sto på sleden. Det var nok tungt for hesten å dra vasslasset opp Skjerpingane. Når våren kom, kunne kyrne endeleg drikke seg utyrste ute!

### *Vedfyring*

Me fekk innlagt elektrisk straum i 1940. Før den tid hadde me berre vedfyring. Veden bar me inn frå vedaskålen og la han i vedarone, bak omnen. Me borna lesste opp ved på ein kjelke i vedaskålen og drog den opp troppa og heilt inn i stova! Det vart ikkje

fyra i ovnen om natta, så det var kaldt i stova når me sto opp om veten. Mor og far tende opp i omnen, og me kledde på oss i ljøsken frå omnsdøra. På kjøkkenet hadde me ein vedkomfyr som me brende trøs i når mor laga mat. Trøs var kvist frå trea som var køyrt heim, og som me hogg i småbitar på hoggestabben. Me la trøs attmed vedkomfyren i peisen, slik at han vart turr og god å brenne.

### *Ljos*

Sidan me ikkje hadde elektrisk ljøs, måtte me bruke parafinlamper. Det hang ei parafinlampe over bordet i stova. Når me las på leksene måtte me sitja nær parafinlampa for å få godt nok ljøs når det var mørkt ute. Me hadde ikkje radio. Det var triveleg å sitja i stova når det knitra og brann i omnen. Når me stelte i fjøset kveld og morgon måtte me ha med oss ei parafin-fjøslykt. Den hengde me opp midt i fjøset.

### *Treskjing*

Me hadde treskjeverk i lag med dei to grannegardane våre. Før me fekk elektrisk straum, bruka dei bensinmotor til å dra treskjeverket. Då måtte treskjeverket stå utanfor låven når dei treskte og dei kasta loe ned og ut frå låven. I 1940 fekk me elektrisk straum og elektrisk motor. Då kunne me treskje inne på låva. Blakken greidde utruleg nok å dra det tunge treskjeverket opp låvebrua og inn på låven. Der vart treskjeverket sett opp, og hakkemaskina sett opp rett bak det. Det var reimskiver på treskjeverket og på hakkemaskina. Ei reim gjekk frå motoren til treskjeverket. Og ei reim frå verket til hakkemaskina. Det sto ein oppe i brøtet og kasta loe ned på brettet fremst på verket. Ein sto attom brettet og mata loe inn i treskjeverket. Treskjeverket skilde kornet frå aksa. Kornet rann ned i sekker, som var festa på høgge sida av treskjeverket. Ein måtte passe på å byte ut sekkene etterkvart som dei vart fylte med korn. Halm og agne kom ut bak på treskjeverket. Eg sto ved hakkemaskina og la halmen i den, slik at den vart kutta i småbitar. Hakkedatt ned gjennom ei luke i låvegolv og ned i hakkehuset. Agnen skauv eg ned i agnehuset med ei rive. Av halmen og agnen vart det laga syrp til kyrne. Kornsekkene bar dei vaksne opp på stabburet og tømde dei ned i kornbingar. Det var trengt på låva når treskjeverket vart sett opp der. Og det var mykje leven frå treskjeverket når me sette i gang motoren og treskte. Me fekk mykje dumbe på, og i oss, frå loe som vart treskt. Ut på vinteren køyrde far kornet til mølla i Ryfoss, der det vart male til mjøl.

### *Køyre ved*

Ut på vinteren køyrde me heim veden som me hadde hogge i Brattsete. Til å køyre ved med bruka me hest og doning. Doningen var i to deler, ein bukk og ei geit - som vart hengd etter kvarandre. Vedastrangane vart lagde på doningen og gjura fast med eit jarnreip. Heime vart veden sette opp mot vedaskålen. Det kalla me ein beitdakøst. Ein vinter bad far inn til dugnad for å få køyrt heim veden. Grannane møtte opp med hest og doning og me fekk køyrt heim all veden den dagen. Om kvelden var det gjestebø oppå støgum hjå oss for dugnadskarane. Alle syntest det var triveleg å arbeida i lag og hyggje seg saman etter ein strevsam dag. Veden vart køyrd heim med kvisten på. Det bremsa godt i bakkkane ned frå Åsen. Kvisten hogg me opp til trøs, som me bruka til å fyre med i komfyren på kjøkkenet. Om våren la me ned vedstrangene på gardsplassen og blekte dei med ei øks. Strangane saga me opp på ein sagkrakk, i passelege kubbar til å leggje i ovnen. Ein vår hogg eg meg i okla då eg blekte ved, og måtte halde senga i ein månad! Det var stussleg å måtte liggja i senga når dei andre var ute og plukka blommar og leika!

### *Sejta opp rupesnøro*

Om vitnteren sette me opp rupesnøro. Snørone var laga av massingtråd og hadde ei lykkje i eine enden. Snøra hengde me opp i ei treklyft mellom busker i skogen, der rupene gjekk. Når rupa kom ruslande og ante fred og ingen fare, kunne ho få hovudet inn i snøra. Då vart ho fanga og sat fast. Me gjekk på ski og såg etter rupesnørene våre. Var det ruper i snørene, tok me og la dei i ryggsekken og bar dei heim. Rupene kunne me selja til hotellet. Dersom det kom snø, kunne snørene verta gøymde under snøen.. Då måtte me hugse kor me hadde sett snørene, for å finne dei att.

## **Leik og moro om vinteren**

### *Aka på spark*

Var det is og snø på riksvegen, hende det at me bruka spark til skulen om vinteren. Det var ikkje mykje trafikk i den tida, så det gjekk an å aka på riksvegen. I friminutta sette me sparkstøttingane våre etter kvarandre i ei lang rekkje ovanfor prestgarden. Ein sat på setet på den fremste sparken. Den som styrde denne sparken sto på meiane og styrde heile rekkja. Dei andre sat på setet til sparken attanfor seg og heldt seg i styret på sin spark. Og så sette "Åsgårdsreien" utfor Prestgardsbakken nedover mot Baggetunåne. Me ok forbi skulen, Samvirkelaget og over brua over Baggetunåne. Turen stogga nedanfor Skørisjordet. Det kunne verta mange slike sparkturar før ordensmannen ringde inn.

### *Aka på skone*

Øvst på sygardsmarken var det ei bratt reine der me ok på skone om veten. Den fyrste turen ned reina brøytte me spor i den bratte snøfonna. Etter kvart fekk me laga oss kvar vår djupe renne til å aka i. Det kunne gå fort nedover når sporet først var oppkøyr. Det hende at me laga svingar i løypa. Då måtte me greie svingane i stor fart. Var me fleire i lag, kunne me kappaka ned reina. Me hadde beksømstøvlar på oss når me ok nedover reina. Det sleit på skoene, og mor og far lika ikkje at me sleit ut skoa våre.

### *Hoppe på ski*

I ein liten bakke på jordet nedanfor fjøset vårt laga me hoppbakke. Me tok fart oppe frå fjøset, ok ned på hoppet som sto øvst på ein liten bakke. Det var om å gjera å hoppe langt, men og å ha fin stil. "Kongsbergknekken", slik Birger og Asbjørn Rud hoppa, var finast. Me landa eit stykke nede i bakken og svinga på jordet nedanfor. Det kunne verta mange hopp der etter skuledagen og før fjøsstellen. Når me vart større, hoppa me i Hotellbakken. Ovarennet var oppe i skogen. Me ok ned over ein mur og ned på hoppet. Det bruka å vera skuleskirenn der. Me gjekk på ski forbi Ellingbøgardane til Hotellbakken. Etter at me hadde vorte større, hoppa me i Bergsbakken. Den var både stor og bratt og nokså skummel å hoppe i syntest eg. Me fraus ofte på både hendene og føtene når me dreiv ute og hoppa på ski. Det var godt å koma inn att i stova og få vermdt seg der vedovnen vermdt godt.

### *Gå langrenn*

Me laga ei langrennsløype frå gardsplassen og oppover jordet vårt. Ei fin rundløype der me skipa til langrennskøkkuransse. Me starta i tur og orden - dei som gjekk seinast fekk starte først. Men ikkje lenger fram enn at den som sto for arrangementet rekna med å nå dei att, og helst gå forbi dei og koma først i mål! Store premiar og pokalar var det no ikkje å få for innsatsen.

### *Gå på skeiser*

Ei jol fekk me skeiser i jolegåve. Det var lengdeløparar. Me batt skeisene på beksømskoa våre med lerreimar. Det var piggar på fotplata for at skeisene skulle sitja støtt. Til å byrja med øvde me oss til å gå på skeiser på Søvella. Søvella kjøva om vinteren og det la seg is langt ut over sidene. Me gjekk oppover åne og ok nedover att. Det hende at me datt og slo nakken ned i isen så det song! Huff og huff, det var slett ikkje bra! Hjelm hadde me ikkje i den tida. Etter at isen hadde lagt seg på Vangsmjøse, gjekk me på skeiser der. Nordavinden bles snøen saman i fenner, men det kunne vera blank is mellom fennene. Me sprang på skeisene over snøfennene og skeisa der det gjekk an. Me gjekk på oppdagingsferd utanfor "Hamar", ein bergknatt attmed Vangsmjøse. Det var kaldt og me fraus ofte på føtene, og elles. Ein vinter skipa skulen til skeiserenn ved Vennislandet. Der måka me bort snøen og laga skeisebane. Natta før rennet vart det mildver og vind, snøen vart borte, og skeisebanen med den. Då gjekk me opp til ein gard på Vennis og fekk kvist til å merkja opp skeisebanen med. Skeiserennet kunne soleis gå slik som det var planlagt.



*(Skeiseløparar på Vangsmjøsa)*

### *Sundagsskulen og KFUM*

Me gjekk på sundagsskulen med Gyda Steile (Gyda på Kjelvo) som leiar. Om sumaren hadde me fine turar i skog og mark. Med ripssaft på ei flaske og kakeskive med egg på. Tøbakkssletta oppe i Sæterhaugteigen var ein fin stad å vera på tur. Der slo me på ringen og leika svibrent og gøymde oss i skogen. Soknepresten, Mikael Gladhaug, laga sporleik for oss ein gong oppe i skogen. Det syntest me var var både spanande og morosamt. Me fekk sundagsskulebladet, der Sverre Seim skreiv fine stykke, som eg lika å lesa. Seinare vart me med i KFUM. Soknepresten - Mikael Gladhaug - hadde møte med oss på kontoret sitt i prestegarden. Me fekk vera med på KFUM-leirar. Fyrste turen var til Tonsåsen, der me budde i ei hytte. Me hadde med oss litt pengar og fekk kjøpt brus på ein grannestøl. Seinare var me på KFUM-leirar ved Sillongen på Reinsvoll og ved Einavatnet. Det var med born og ungdom frå Gjøvik, Biri og andre tettstader. Dei hadde telt og soveposar og var flinkare enn me var til å symja. Deltakarane frå Vang hadde

ikkje so fint utstyr. Me låg inne i ein låve og hadde med oss sengeklæo. Det var kjekt det og. Mor sydde badebukse til oss av noko kvitt lerretstøy. Symja kunne me knapt. Desse leirturane sette me stor pris på. Då fekk me fri frå steinplukking og ugrasluking! Og me kom heimatt med ein ny kveik!



*(Ingrid Veflen, Margit, Gerd, Eivind, Rolf, Sverre og Nils Thune ein søndag i 1937)*

## Jol

### *Arbeid føre jol*

Føre jol var det skarke. Då skulle maten vera skinnare enn elles i året. Det var mykje å gjera på garden vår føre jol. Det skulle slaktast, lagast kurv og annan mat, som vart hermetisert . Me borna hjelpte til med alt dette arbeidet. Det vart baka bakils i fleire dagar: Goro, fattigmann, sirupsnippar, tebrød, rosettbaksils - . Rakfisk og lefse var jolemat som mor laga. Ho laga og sylteflesk og rull. Turrfisk til lutefisken vart lagd i bløyt i Søvella. Far koka opp briskjeløg og older i gamlestøga (bryggerhuset) og brygga øl på det. Heimebryggja øl var vanleg på gardane i gamle dagar. Joletreet fann me oppe i skogen. Joleband til småfuglane hadde me liggjande på låva. Det var kjekt både få og å gje jolegåver. Me fekk nokre kroner til å kjøpe for, og gjekk på butikken og kjøpte gåver. Det var tre butikkar i bygda: Sjøvelheim, Samvirkelaget og Fagerlid.



*(Sjøvelheim)*

### *Jolehelg*

Joleeftan sette far opp jolebandet på låvebrua attmed låvedøra. Då me var små bada me i ei balje som vart sett framfor ovnen i stova. Den vart fylt med varmt vatn, og så steig den eine etter den andre av oss opp i balja. Det hende at me fekk nye klæo og sokkar, som bestemor hadde strikka, til jol. Nye ullsokkar, som var tøvde, stakk i lår og legger, og det lika eg ikkje noko serleg! Det var god lukt av joletreet, som far sette opp framfor roskåpet i stova. Joletreet vart pynta med jolekorgar, som me hadde laga på skulen. Fine glaskuler, fuglar, glitterband og flagg vart hengde på joletreet. Jolekvelden fekk me sagovelling og lutefisk til middag. Far tende på levande ljøs på joletreet, og me gjekk rundt treet. Me song "Du grønne glitrande tre" og mange andre songar, som me hadde lært i skulen. Under joletreet låg det pakker. Bøker var det kjekkaste me fekk i jolegåve. Onkel Anders, bror til far, som var lærar i Oslo, ga oss bøker til jol. Me fekk og fine biletbøker og fargestifter. "Malermester Klattiklatt" var ein av dei eg minnest som ei fin teiknebok. "Vangsgutane" var ein fin teikneserie, som me lika å lesa. "Bondens jul", "Jul på landet best" og ymse andre jolehefte hadde me og. Joledagen gjekk me til kyrkje. Der sto det eit fint joletre, med levande ljøs. Me var i joleselskap hjå slektningane våre på Kattevøl, og me hadde joleselskap oppå støgum hos oss. Då fann dei vaksne på morosame joleleikar. Me gjekk jolebukk rundt i bygda i lag med andre born. Ja, vaksne kunne og vera med. Andre dag jol var det joletefest på forsamlingshuset Torsheim for born og vaksne. Det var servering i veslesalen av kakao, smørbrød og jolekake. Alle gjekk rundt joletreet. Det vart fleire ringar rundt joletreet – vaksne og born gjekk då hand i hand. Jolenissen delte ut gåver til alle borna. Det var stor stas når nissen – Hans Hansen – sprang etter oss rundt joletreet. Då far var smågut let dei maten stå på bordet jolenatta, og dørene var ulæste. Det var for at *Jolesveinane* kunne koma inn i stova og få seg mat. Jolesveinane var dei underjordiske, som ingen kunne sjå. Jola var den kjekkaste tida me hadde i året. Den gjekk så altfort, syntes me. Snart tok kvardagane til att, med lekselesing og arbeid.



*(Jolehelg på Tune)*

### **Attersyn**

Det var mykje som var annleis på gardane i gamle dagar enn slik det er i dag. Me hadde ikkje elektrisk ljøs. Ikkje hadde me radio og fjernsyn heller. Me gjekk over tunet frå låven til fjøset med vøndilar under armane for å gje kyrne. Vatn måtte me bera inn i fjøset og

gje kyrne i vassbytter som me sette inn i båsane deira. Me mjølka kyrne med hand. No vert kyrne mjølka av maskiner! Nokre stader kan kyrne verta mjølka av robotar. Dei går fritt rundt i fjøset og kan sjølve velja når dei vil verta mjølka. Då går dei inn i ein bås der dei får mjøl. Spenane vert vaska automatisk og spenekoppene vert sette på automatisk. I dag får kyrne gjerne mat frå datatyrde automatar. Mjølka vart sila ned på eit meierispann og sett ned i ei kjelde i ein bekk for å verta avkjølt. I dag vert mjølka lagra i avkjølte mjølketankar og henta av mjølkebilan på garden. Det er ingen som slær med lå lenger. Og det er sjeldan heser å sjå ute på jordene. Slåtten, som i gamle dagar kunne ta fleire veker, vert no unnagjort på ein dag. Store maskiner slær graset og det vert laga rundballar. Treskjeverket, og alle som var med å treskte på låva, er avløyste av ein skurtreskar. Eplo vert sette og tekne opp av store maskiner. Klær som skal vaskast vert lagde i ei vaskemaskin og så trykkjer ein berre på ein knapp. Og det er ikkje mange som er på stølen med kyrne. Stølshusa står tome i fjellet. Før var det mykje folk som arbeidde på gardane. I dag er det mange stader ein åleine som gjer alt som skal gjerast på garden. Det kan verta einsamt. Å vera born på garden i gamle dagar kunne vera strevsamt. Men det var og mykje moro. Og me lika å arbeida i lag med dei vaksne. Dei syntes at me var til hjelp, når me var flittige og gjorde godt arbeid. Og me lærde at me måtte stå på for å nå eit mål. Ein lærdom som har vore lett å bera.

\*\*\*\*\*

### ***Ordforklaringar***

Bas – rusk og rask.

Bera fere – Bera høy fra låven til fjøset.

Beitakøst – Vedstrangar med kvist, som står oppreiste.

Bisk – Lunch.

Blekji ved – Fjerne borken på vedstrangane med ei øks.

Briskjibær – Einebær.

Bryne – Kunststein til å kvesse ljàen med.

Brynestrunk – Butt til å bera brynet i.

Brøt - Rom på låven til ha høy i.

Bøgahi – Hole til å gøyme seg i når ein jakta på rein med pil og boge.

Bønding – Strikketøy.

Bråna – Smelta.

Dumbe – Støv.

Eplegravst – Ta opp poteter.

Eplekake – Lompe.

Eplo – Poteteter.

Fata tak i – Ta tak i.

Ferebisk – Frukost..

Fisketroe – Fiskestong.

Fløsjå – Skrelle.

For – Høy, gras.

Føslo – hoser.

Gjestebø – Selskap.

Grindo – Grindafjellet.

Gøte – Gote/Gutu.  
Hes - Staurar med streng mellom for å turke gras på (hesje).  
Høye – Slå og turke graset og køyre det inn i låven eller inn i låa.  
Holk – Butt av tre.  
Hyppe – Kjøyre med ein plog i potet- og turnipsåkeren.  
Hustrint – Surt og kaldt.  
Illver – Dårleg ver.  
Joleband – Kornband som vert sett opp joleeftan.  
Jordeple – Poteter.  
Kakeskive – brødskive.  
Kælvebinge – Rom i fjøset til å ha kalvar i.  
Karda – Laga små rullar av ulla for å spinne tråd.  
Kjøva – Isen på elva går utover elvekanten.  
Kleve – Soverom.  
Kurv – Pølse.  
Klæo – Klede/Klær  
Køppelamb – Lam som får mjølk av flaske.  
Kvein – Ein høg, skjerande lyd (kvine, kvin, kvein).  
Kveta – Skjerpe.  
Kå – Snu, vende.  
Lende – Eit jordstykke.  
Leven – Bråk.  
Ljøsken – Ljoset.  
Ljåtåg – Lerreim, eller metallring, til å feste ljåen til orvet med.  
Lo – Turka kornaks.  
Makk – Mark.  
Mata – Legge inn i.  
Møk – Naturgjødsel.  
Net - Fiskegarn  
Osteløp – Ensym for å skilja ut kvitosten i mjølka ved ysting.  
Påk – Ein tynn stav.  
Reimskive – Hjul for drivreim.  
Reine – Bratt bakke.  
Reis – Skogsvirke som er reiste opp.  
Ruster – Krattskog.  
Sjoa - Suse.  
Skantil – Gjødselrenna i fjøset, bak kyrne.  
Skarke – Maten var noko skrinn.  
Skokle – Skjæker som hestane vert spent fast i framfor reidskapen.  
Skoklefall – Våronna er ferdig og skoklene vert lagt ned.  
Skone – Skoa.  
Skjerpigane – Veggen frå riksvegen opp til Tunegardane i Vang.  
Skjærde – Mogen.  
Skjøro – Reidskap til å skjera korn med.  
Slådd - Jordbruksreidskap til å jamne ut jorda der det var pløgd.  
Staurlag – Avstand mellom staurane i ei hes.  
Størr – Gras som veks på myr.  
Syrp – hakk og agne blanda med vatn.  
Søvella – Ei elv som renn ned frå Høljesyndin til Vangsmjøsa.

Taum – Tau.  
Tesådnad – Jordstykke som det er sådd grasfrø på.  
Trøka – Tråkke.  
Trøs – Kvist som er opphoggen til småved.  
Tubbut – Mange tuer.  
Tulla – Ull som er karda til smale strimler.  
Tåe – Snøfritt.  
Tøng – Lang trestong til å legge oppå høylasset  
Vassele – Trestong med kjettingar i endane for å bera vatn.  
Vedaron – Plass til å legge veden i.  
Vegnaskilje – Vegkryss.  
Veten – Vinteren.  
Vettraføre – Vinterføre.  
Vettraved – Ved til å ha om vinteren.  
Vierklyft – Vierkvist som ein V.  
Vøle – Reparere.  
Vøndle – Laga høydottar til kyrne.  
Vøndil – Liten høydott til å bera under armen.  
Økt – Tida ein arbeider mellom to måltid.  
Ån – Elv.

(Norsk Språkråd veit ikkje kva "Søvella" tyder. Kan det vera "Elva som renn frå sør"?)

\*\*\*\*

Takk til Halvard Hegna og Sigfred Hovda for å ha lese manuskriptet og gjeve gode råd.

Sverre Thune

